

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Vedrørande konsesjonsøknad for Kaldelva kraftverk.

Det var etter den store kartlegginga av distriktet sine potensielle kraftressursar at tanken kom opp om å bygge ut Kaldelva ved Skilbreivatnet i Hyen til kraftproduksjon. Mykje har endra seg på alle desse åra, og ein har mellom anna fått oppretta Ålfotbreen landskapsvernområde. Skilbreivatnet og Straumsbotnen er ein av dei viktigaste innfallsportane til dette landskapsvernområdet, og terrenget rundt vatnet og vidare innover dalen framstår i dag som eit stort urøyvd område med heilt spesielle naturverdiar som vi som grunneigar meir og meir ser det som viktig å ta vare på. Det faktum at utsynet frå FV 615 innover Skilbreivatnet mot Straumsbotnen og Ålfotbreen er eit av dei mest portretterte naturmotiv i heile distriktet både på måleri og som fotoobjekt for turistar, skulle vera med på å understreke dette.

Då den nye 400 kw kraftlinja mellom Fardal og Ørskog skulle byggast, var eine trasealternativet å krysse Straumsbotnen. Dette vart på ein spesiell måte med på å synleggjere kva det betyr for oss og truleg også andre, å få beholde dette fantastiske dalføret under breen urøyvd. Heldigvis vart det valgt andre løysingar.

Kaldelva kraftverk vil på same måten bli eit uforholdsmessig stort inngrep i det same området, og vi vil gå sterkt i mot at det blir noko utbygging her. Ei utbygging vil komme til å bli svært synleg i terrenget. Ein veg av nødvendig standard langs heile den bratte urørde stranda inn mot stasjonsområdet vil komme til å bli svært skjemmande, og det same vil kraftstasjonen på det begrensa arealet ved vatnet på Kaldelveneset. Ei eventuell utbygging utan veg, vil krevje deponeringsplass lokalt i området for store mengder utsprengde steinmasser, noko som vil rasere heile neset.


Skilbreivatnet vert rekna som eit svært godt fiskevatn med fjellaure av god kvalitet, og er såleis mykje nytta til fisking og rekreasjon. Verdien av området til dette formål vil ved ei utbygging bli vesentleg redusert, og i alle høve vil rekreasjonsøkande ikkje lenger kunne nyte same følelsen av å vere komne ut frå ``sivilisasjonen.'' Det kan også nemnast at området rundt Ålfotbreen med Straumsbotnen som ein av hovudlokalitetane, er eit av dei gamle kjerneområda for hjort i Norge. Hjortebestanden her er fortsatt talrik, og Straumsbotnen har i pressa vore omtalt som hjortane sin dal i Norge på same måten som Rapadalen i Sarek nasjonalpark i Sverige har fått betegnelsen elgane sin dal. Støy frå eit kraftverk her vil kunne ha store negative innverknader på hjortetrekk i dette området, i tillegg til at slik støy vil vere svært negativt på alle måtar.


På denne bakgrunn vil vi som grunneigar be om at NVE avslår Småkraft AS sin konsesjonssøknad til Kaldelva kraftverk. Både vi og samfunnet har råd til å bevare dette urøyvd for framtida.

Vi gjer for ordens skull merksam på at vi er einaste grunneigar i området. Ingen andre grunneigarar har såleis økonomisk interesse av utbygginga. Småkraft AS har også vore kjend med vårt standpunkt lenge før konsesjonssøknaden vart sendt.

Med vennleg helsing

  
Arild Straume

  
Torleiv Straume jr.

  
Torleiv Straume